



Sak nr 01/2024

Møtedato: 10.01.2024 Møtestad: Slidre

Saksbehandlar: Kenneth Monsen

## Sak 01-24 Endring av kommuneplan – uttale frå Vestre Slidre fjellstyre

Fjellstyret har motteke ei høyringssak frå kommunen, som går på følgjande hovudpunkt:

1. Side 14. Retningslina om veranda i stølsområda er teke ut og erstatta med ei føresegn om ein maksimal storleik i høve bygget. Dette vil gjelde både hytter og sæl.
2. Side 15. Dette gjeld taktekkematerial og har grøn bakgrunn. Her er det tre alternativ som vi ber om uttaler til. Kvar av dei tre alternativa skal ha ein tilleggstekst, her er det to alternativ.
3. Side 16. Gjeld betring av formuleringa om gjerde.
4. Side 20. Dette gjeld sæl på stolar. Det nye er at retningslina i gjeldande plan blir gjort om til juridisk bindande føresegn. Forslaget inneber at det er berre storleiken av sæl som skal ha same begrensing som hyttene.

### Innleiing:

Vestre Slidre statsallmenning er saman med resten av stølsvidda (Nord-Aurdal) definert som eit UKL område. Dette gjev ein del rettigheter som tilskudd av økonomiske midler for å ivareta føremålet med UKL definisjonen. Saman med rettighetene kjem det og ein del «plikter» som og bør hensyntakast, dersom føremålet med å vere innafør UKL skal ivaretakast.

Statsforvaltaren sin presentasjon av stølsvidda på sine heimesider er følgjande:

*Stølsvidda i Vestre Slidre og Nord-Aurdal vart eit utvald kulturlandskap i 2018. Det er eit samanhengande «viddeområde» der stølane stort sett ligg samla i konsentrerte stølsgrender, spreidde nokså jamnt utover. Området har stor opplevingsverdi og er eit mye brukt friluftsområde for lokalbefolkning, hytteeigarar og tilreisande.*

Gjennom UKL er det laga ein rapport om bygningsmiljø, som seier følgjande:

*Stølsbusa og stølsлага er viktige innslag i kulturlandskapet. Den eldre bygningsmassen gir ein inngang til å forstå livet før; i Valdres spesielt og Noreg generelt.*

*Husa gir eit bilete på kor viktige stølsviddene har vore som levegrunnlag og kvinnearbeidsplass. Dei gir òg eit bilete på kunnskap som er i ferd med å gå tapt og eit nøysamt liv der folk laut klare seg med svært lite. Dette gjeld anten stølsbusa er av dei eldste typene, eller meir typiske for den aktive støltinga på særleg første halvdel av 1900-talet. Utan små, låge sel, kokehus, buer, løer og fjøs i stølslandskapet, blir historia viska ut. Stølsmiljøa bidreg slik å spreie kunnskap og opplevingar både for fastbuande, tilreisande – og dei som kjem etter oss.*

Då denne endringa i kommuneplan går på m.a. byggeskikk er det greitt å ha med seg bakgrunn for kvifor dette vart eit UKL område.

Det er og Fjellova (i tillegg til plan og bygningslova) som styrer plassering, storleik og utsjånad på bygg i Vestre Slidre statsallmenning. I fjellova er det definert at utvikling kan skje «med tida og tilhøve». Det er ikkje dermed sagt det skal vere ein statisk tilstand når det gjeld bygningsmiljø. Historisk sett har fjellstyret gjeve merknader i sine byggesaker på at det bør vere ein visuell skilnad mellom eit sel og uthus/fjøs – som gjerne hadde ein enklare utforming.

### Generelt om saksbehandling av bygg på stolar i statsallmenninga etter fjellova:

Når fjellstyret mottek ein byggesak, er fjellstyret pliktig å sende denne på høyring til Statskog og fylkeskommunen. Jfr seterforskriften § 10 skal fjellstyret her foreta en vurdering av hvor mange hus som trengs til seterdriften, herunder størrelse og standard. Når det er aktuelt å kreve riving av seterhus, skal fjellstyret legge saken fram for regional kulturmyndighet til uttalelse. Det samme gjelder ved endring eller utvidelse av seterhus.

*Før fjellstyret gjør vedtak i saken skal den forelegges Statskog SF for uttalelse. Fjellstyrets avgjørelse er et enkeltvedtak etter forvaltningslovens bestemmelser, og Landbruksdirektoratet er ankeinstans (§ 26).*

Vanligvis kjem det ei uttale frå Statskog som presiserer og forutsett at fjellstyrets vedtak må bygge på klargjering om stølen faktisk er i drift, slik loven krev

Videre kjem det vanlegvis ei uttale frå fylkeskommunen som seier noko om innleverte byggeteikningar er i tråd med det som dei reknar som lokal byggeskikk/i tråd med føremålet for UKL. Fjellstyret jobbar godt saman med fylkeskommuna, men til tider har lokalt fjellstyre eit noko meir liberalt syn på lokal byggeskikk sett ut i frå utvikling med «tida og tilhøve». Den kompetansen/utøving av lokalt skjønn ligg til fjellstyret, men vedtaket kan påklagast - dersom nokon partar meiner det er gjort for strenge/svake vurderingar osv. Evt klage er då med heimel i fjellova, og plan- og bygningslova (som kommunen styrer) kjem fyrst inn i bildet når det evt føreligg eit godkjent vedtak etter fjellova.

Poenget med denne innleiinga er å vise at den fyrste og viktigaste avklaringa på byggesaker kjem gjennom Fjellova og lokalt fjellstyre, og ikkje gjennom plan- og bygningslova. Det er sjølvstøtt ein føresetnad at tiltaket også må godkjennast til slutt etter plan- og bygningslova.

#### Punkt 1: Veranda på stølar

I utgangspunktet er dette eit framandelement, ihvertfall dersom den føres opp med berande stolpar – sett frå historisk synspunkt. Ein plattning på bakken (maks 0,5 m over bakken) er eit mindre framandelement, og vil vere ein utvikling innafor «tida og tilhøve» etter administrasjonen sitt skjønn. Dersom det kjem berande stolpar med overbygd veranda vil ein over tid kunne endre det preget som finst i stølslandskapet. Det er nok hytter på Vaset/Vestfjellet/Syndin som kan ha det preget. Det er i utgangspunktet uheldig å dra med seg slike hyttepreg inn i ellers godt bevart stølslandskap.

Tilråding: Ut i frå fjellstyret sitt syn er det negativt for stølslandskapet med overbygd veranda/berande stolpar og ein tilråd ikkje dette.

#### Punkt 2: Taktekkematerial med tilhøyrande tilleggstekst

Dette gjeld berre hytter, så då utgår dette punktet for fjellstyret.

Ang solcelleanlegg:

Solcelle er i utgangspunktet eit framandelement, men små anlegg har blitt meir og meir vanleg og bryt ikkje lenger med tradisjon i same grad. Det er og eit samfunnsmessig argument her. Det er bra det er lagt inn avgrensingar der dette bryt med viktige verdiar. Imidlertid er det ikkje lagt inn grensekraft for når dette evt er søknadspliktig, slik at ein kan fange opp dette før det vert etablert og det er ein økonomisk byrde å endre dette i ettertid. Kanskje er det ein ide å setje søknadsplikt på «større anlegg», slik at avklaringar kan takast på førehand. Då må ein evt definere kva som er eit større anlegg. Dette kan då evt gjelde alle bygg.

#### Punkt 3: endra formulering om gjerde

Ingen merknad. Dette er formulert opphavleg som ein «forbuds-paragraf» etter tidlegare uttaler frå Statsforvaltar. Dersom ein oppnår det same med endra formulering fungerer det like greitt.

#### Punkt 4: juridisk verknad ang styring av storleik på sel

Innleiing:

Eit sel/fjøs/uthus osv er typer bygg som er definert som «driftsbygning» Etter plan- og bygningslova er øvre avgrensing på slike bygg 1 000 m<sup>2</sup> BRA før dei evt må utførast med ansvarsrett – dette må sjølvstøtt vere i tråd med «behovet» som den enkelte gard har. Dette er ein vurdering som kommunen gjer ved godkjenning.

Eksisterande kommuneplan har ingen juridisk avgrensing i kor store desse «driftsbygningane» skal vere. Det er gjeve «retningsliner» i eksisterande kommuneplan på at eit kårstel ikkje bør vere større enn 60 m<sup>2</sup>. Dette er då eit styringsprinsipp, men ikkje ein absolutt regel.

Gjennom å endre dette frå «retningsline» til «juridisk bindande» - vert det sett ein øvre avgrensing på at eit sel ikkje kan vere større enn 110 m<sup>2</sup> BYA. Dette gjeld då berre stølar i statsallmenninga (samt Kvislasyndin), men ingen andre stølar i heile kommunen. Det å setja ei øvre avgrensing her gjev ingen automatisk rett til at alle har krav på å få godkjent 110 m<sup>2</sup> – på same måte som det ikkje er ein automatisk rett utanfor dette arealet å få godkjent driftsbygning på inntil 1 000 m<sup>2</sup>. Det vil då i ettertid vere opp til kommunen å vurdere behovet utanfor statsallmenninga (opp til 1 000 m<sup>2</sup>) og opp til fjellstyret innafor statsallmenninga – der øvre arealgrense (på sel) er føreslege til 110 m<sup>2</sup>.

Til ein viss grad er for så vidt dette i tråd med noko av innhaldet i UKL – at ikkje stølar bør oppførast som hytter – i forhold til storleik/utsjånad/overbygd veranda osv. Dette for å ivareta det særeigne preget til stølsvidda. Det går imidlertid ikkje fram av saksutgreiinga kva som er grunnlaget for å denne endringa. Er dette for å hindre at det vert ført opp for store stølar i dette området? Dersom dette er målet gjev denne endringa gode reglar for dette, men ikkje i andre stølsområde i kommunen.

Som nemnt innleingsvis er det gått gjennom skilnaden mellom plan- og bygningsloven og Fjellova. Det er fjellova med tilhøyrande forskrifter som fyrst og fremst er styrande for stølsbygging. I praksis får dermed

reglar i ein kommuneplan berre sekundært verknad for stølsbygging – og i dette tilfellet gjev det berre ein negativ avgrensing i å definere kor maks storleik for eit sel i deler av kommunen.

Tilråding: Fjellstyret ser ingen fordeler med ei øvre avgrensing på kor store sel som kan førast opp i statsallmenninga/Kvislasyndin. Dette gjev avgrensingar i driftsvilkår for landbruket som ikkje synest naudsynte – det føreligg heller ingen grunngeving for denne avgrensinga.

Det vil uansett innanfor Vestre Slidre statsallmenning vere fjellova som i fyrste rekke set reglar på kva som kan byggeast her med tanke på landbruksbygg.

#### Tilpasning av reglar for hytter som sikrer stølspreg på heile området:

Det som imidlertid ikkje er take opp i kommuneplanen, er korleis ein skal handtere hytter som ligg i stølsområde (dvs utanfor «feltbebyggelse» -eks Baklia/Rislia/Kvitehaugen ++)

I eit tenkt tilfelle kjem det ein byggesøknad om ei «funktshytte» som bryt fullstendig med det stølspreget for omkringliggende bygg som i hovudsak er stølar. Er det då riktig å godkjenne ein byggeskikk som bryt fullstendig med heile området rundt, og evt hvilke reglar i kommuneplanen er det som skal evt fange opp dette dersom kommunestyret ikkje synes dette er riktig?

Fjellstyret ber kommunen vurdere reglar i kommuneplanen som er med og sikrar eit viss stølspreg på dei hytter/andre bygningar som ligg innafør UKL slik at ein ivaretek det stølspreget som definerer UKL. Det kan vere ein juridisk bindande setning som definerer nye bygg/tilbygg osv på hytter skal ha stølspreg, evt kan ein nytte Innlandet fylkeskommune som høyringspart (slik som fjellstyret er pliktig) ved dei tilfeller administrasjonen i kommunen er usikker på om bygget fell innafør «stølspreg».

På denne måten vil en unngå å vatne ut det stølspreget som er komme til på Stølsvidda gjennom fleire hundre år, og kan bidra til å oppretthalde UKL status som gjev gardbrukarane opp til 2 mill kroner i året i særneigne tilskottsordningar innafør dette området.

Oppsummert:

Pkt.1: Ut i frå fjellstyret sitt syn er det negativt for stølslandskapet med overbygd veranda/berande stolpar og ein tilrår ikkje dette.

Pkt.2: Evt vurder reglar for større solcelle anlegg.

Pkt 3: Ingen merknad

Pkt 4: Fjellstyret ser ingen fordeler med ei øvre avgrensing på kor store sel som kan førast opp i statsallmenninga/Kvislasyndin. Dette gjev avgrensingar i driftsvilkår for landbruket som ikkje synest naudsynte – det føreligg heller ingen grunngeving for denne avgrensinga.

Det vil uansett innanfor Vestre Slidre statsallmenning vere fjellova som i fyrste rekke set reglar på kva som kan byggeast her med tanke på landbruksbygg.

Ang hytter i stølsområda: Fjellstyret ber kommunen vurdere reglar i kommuneplanen som er med og sikrar eit viss stølspreg på dei hytter/andre bygningar som ligg innafør UKL slik at ein ivaretek det stølspreget som definerer UKL. Det kan vere ein juridisk bindande setning som definerer nye bygg/tilbygg osv på hytter skal ha stølspreg, evt kan ein nytte Innlandet fylkeskommune som høyringspart (slik som fjellstyret er pliktig) ved dei tilfeller administrasjonen i kommunen er usikker på om bygget fell innafør «stølspreg».

#### **Framlegg til vedtak:**

Vestre Slidre Fjellstyre gjev følgjande uttale til kommuneplan på høyring:

Pkt.1: Ut i frå fjellstyret sitt syn er det negativt for stølslandskapet med overbygd veranda/berande stolpar og ein tilrår ikkje dette.

Pkt 2: Evt vurder reglar for større solcelle anlegg.

Pkt 3: Ingen merknad.

Pkt 4: Fjellstyret ser ingen fordeler med ei øvre avgrensing på kor store sel som kan førast opp i statsallmenninga/Kvislasyndin. Dette gjev avgrensingar i driftsvilkår for landbruket som ikkje synest naudsynte – det føreligg heller ingen grunngeving for denne avgrensinga.

Det vil uansett innanfor Vestre Slidre statsallmenning vere fjellova som i fyrste rekke set reglar på kva som kan byggeast her med tanke på landbruksbygg.

Tilleggspunkt: Ang hytter i stølsområda: Fjellstyret ber kommunen vurdere reglar i kommuneplanen som er med og sikrar eit viss stølspreg på dei hytter/andre bygningar som ligg innafør UKL slik at ein ivaretek det stølspreget som definerer UKL. Det kan vere ein juridisk bindande setning som definerer nye bygg/tilbygg osv på hytter skal ha stølspreg, evt kan ein nytte Innlandet fylkeskommune som høyringspart (slik som fjellstyret er pliktig) ved dei tilfeller administrasjonen i kommunen er usikker på om bygget fell innafør «stølspreg».

**Tillegg til pkt 4:  
Kårsel skal fortsatt ha avgrensing på inntil 60 m2.**

**Pkt 1: 3 for, 1 imot  
Pkt 2-4 + tilleggspunkt: Enstemmig.**

**Vedtak :**

Vestre Slidre Fjellstyre gjev følgjande uttale til kommuneplan på høyring:

Pkt.1: Ut i frå fjellstyret sitt syn er det negativt for stølslandskapet med overbygd veranda/berande stolpar og ein tilrår ikkje dette.

Pkt 2: Evt vurder regler for større solcelle anlegg.

Pkt 3: Ingen merknad.

Pkt 4: Fjellstyret ser ingen fordeler med ei øvre avgrensing på kor store sel som kan førast opp i statsallmenninga/Kvislasyndin. Dette gjev avgrensingar i driftsvilkår for landbruket som ikkje synest naudsynte – det føreligg heller ingen grunngeving for denne avgrensinga. Kårsel skal fortsatt ha avgrensing på inntil 60 m2.

Det vil uansett innanfor Vestre Slidre statsallmenning vere fjellova som i fyrste rekke set reglar på kva som kan byggeast her med tanke på landbruksbygg.

Tilleggspunkt: Ang hytter i stølsområda: Fjellstyret ber kommunen vurdere reglar i kommuneplanen som er med og sikrar eit viss stølspreg på dei hytter/andre bygningar som ligg innafor UKL slik at ein ivaretek det stølspreget som definerer UKL. Det kan vere ein juridisk bindande setning som definerer nye bygg/tilbygg osv på hytter skal ha stølspreg, evt kan ein nytte Innlandet fylkeskommune som høyringspart (slik som fjellstyret er pliktig) ved dei tilfeller administrasjonen i kommunen er usikker på om bygget fell innafor «stølspreg».

*Etter § 10 i fjellova tek fjellstyrevedtaket til å gjelde 4 veker etter at det er gjeve melding om vedtaket. I følgje §28 i forvaltningsloven kan vedtaket klagast over. Parter har rett til innsyn i saksdokument. Eventuell klage skal sendast Vestre Slidre fjellstyre innan 3 veker frå mottak av dette vedtak.*

Vestre Slidre fjellstyre den 10.01.2023

Kenneth Monsen  
sekretær